

Velkommen til påskeferien på Kleppe SFO!

Her kjem program og litt informasjon om ferie SFO.

- 2. trinn kjem til å vere saman med 3-4 trinn på basen oppe ved kantina. Vi opnar basen til 2-4 trinn kl 8, men ved fråvær kan det bli seinare. Det er difor viktig at elevane veit at dei alltid er velkomne til 1. trinns basen, viss det er stengt på eigen base. Der er det vaksne som kan hjelpe heile dagen. Vi kjem også til å vere saman på 1. trinnsbasen på ettermiddagane. Tidspunkt vil variere litt ut frå bemanning.
- **ALL levering for dei som har meldt på morgontilbod (før 08.00) vil skje ved 1. trinn som vanleg kvar dag!**
- **I alle feriar vert det servert to måltid kvar dag.** Lunsj ca kl 10.30. og “middag” ca kl 13.45. Dei som skal ete frukost på morgon-SFO (før kl 8) må ta med matpakke.
- **Det er “HA MED DAG” kvar dag i ferien for dei som vil.**
 - Ta med leiker som oppfordrar til kjekk leik saman med andre, og som det er plass til i hylla eller sekken.
 - Vi **ønskjer ikkje** leiker med lyd, Pokemonkort eller våpen/våpenliknande leiker. Vær vennleg å respektera dette.
 - Minner også om at alle **leiker er med på eige ansvar**. Dei tilsette kan ikkje ta ansvar for leiker som tas med.
- Hugs alltid **kler etter været** , vi er mykje ute og leiker.
- Ha **skifteklær** og gjerne ei **drikkeflaske** i sekken
- **Legg alle beskjedar** om fri, henting, gå heim sjølv tider ol. **som merknad i Visma innan kl 10** om morgonen. Aller helst så tidleg som mogleg. Dersom du **MÅ** gi ein beskjed etter dette må du sende melding/ringe på basen sin telefon. Hugs at telefonen berre skal brukast i unntak, vi ønskjer alt vi kan inn i Visma på formiddagen.

- Tlf: **1. trinn/Pikachu: 47781 197, 2. trinn/Bulbasaur: 908 21 157 ,**
3.trinn/ Eevee: 908 70 893, 4. trinn/Eevee: 909 53 269

Opningstid er 08.00 – 16.30 (+ 07.00 – 8.00 for dei som og har meldt seg på morgontilbod)
Kjernetid er 10.00 – 14.00, så alle må vere på plass til kl 10!

Kjem nokre seinare eller må hente før, må de sjølv bringa/henta der me er, og gi oss beskjed om at barnet kjem seint, eller skal bli henta tidleg.

Programmet vårt er ope og ikkje “hogd i stein”. Det kan bli endringar, men programmet gjer ein god peikepinn på kva som vil skje desse dagane. Elles finn me sjølvsagt på andre kjekke ting før og etter kjernetid.

	Måndag 30. mars	Tysdag 31. mars	Tysdag 7. april
1.trinn	Ut på tur 😊 Påske-egg jakt i Toreskogen	Påskeaktiviteter inne og ute	Leikedag på SFO
2-4trinn	Ut på tur 😊 Påske-egg jakt i Toreskogen	Påskeaktiviteter inne og ute	Leikedag på SFO
Meny	Brødmat Nachos	Brødmat Pannekaker	Brødmat Pizza